Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Vegdirektoratet	Jan Andresen / 61271122	19/54834-2		21.03.2019

Nasjonale turistvegar. Utvikling, drift, vedlikehald og forvaltning. Vegdirektørens bestilling.

Nasjonale turistvegar er ei målretta og langsiktig statleg satsing på ein turistattraksjon som skal styrka Noreg som attraktivt reisemål for vegfarande turistar, med mål om styrka busetjing og næringsliv, ikkje minst i distrikta. Statens vegvesen er i førarsetet på oppdrag frå Regjering og Storting. Satsinga er forankra i nasjonale vegplanar og transportplanar frå 1994 og er følgt opp gjennom dei årlege statsbudsjetta frå Samferdselsdepartementet.

Vegdirektøren si bestilling datert 30. januar 2019 skal leggjast til grunn for turistvegarbeidet frå 2019 framover mot fullført attraksjon i 2023 og for vidareutvikling, drift, vedlikehald og forvaltning frå 2024. Dokumentet er ei oppdatering av Vegdirektøren sitt prosjektdirektiv frå 26. april 2004. Bestillinga er retningsgivande for dei mange aktørane som må gjera sitt for å gjennomføra og halda Nasjonale turistvegar i hevd og bruka attraksjonen som verkemiddel til auka verdiskaping.

I bestillinga er dagens fordeling av ansvar og oppgåver mellom Vegdirektoratet, Statens vegvesen sine vegregionar og fylkeskommunane vidareført. Handteringa av drift, vedlikehald og forvaltning av Nasjonale turistvegar er i samsvar med dei atten strekningsavtalane signert av Vegdirektøren (attraksjonseigaren), regionvegsjefane (vegeigar riksveg og vegadministrasjon) og fylkeskommunane (vegeigar fylkesveg) i 2014 og 2015. Dokumentet vil bli oppdatert når framtidas Statens vegvesen og regionendringa er på plass i 2020. Desse endringane betyr at dei nemnde strekningsavtalane for drift, vedlikehald og forvaltning vil bli fornya, noko vi kjem attende til.

Med hilsen

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 6706 Etterstad
0609 OSLO

Telefon: 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Industrigata 1
2619 LILLEHAMMER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Vedlegg: 1

Likelydende brev sendt til
Buskerud fylkeskommune, Postboks 3563, 3007 DRAMMEN
Finnmark Fylkeskommune, Fylkeshuset Postboks 701, 9815 VADSØ
Hedmark fylkeskommune, Postboks 4404 Bedriftssenteret, 2325 HAMAR
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE
Nordland fylkeskommune, Postmottak Fylkeshuset, 8048 BODØ
Oppland fylkeskommune, Postboks 988, 2626 LILLEHAMMER
Rogaland fylkeskommune, Postboks 130 Sentrum, 4001 STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
Troms fylkeskommune, Postboks 6600, 9296 TROMSØ

Nasjonale turistvegar

Utvikling, drift, vedlikehald og forvaltning

Vegdirektørens bestilling

Statens vegvesen
30. januar 2019

Innhald

1. Overordna mål 4
2. Bakgrunn for satsinga 4
3. Nasjonale turistvegar – turistattraksjon med særpreg 5
4. Atten utvalde strekningar 5
5. Dei 10 store attraksjonane 6
6. Strekningskarakteristikk 6
7. Produktområde 6
8. Kvalitetsmerking (turistveglogoen) 7
9. Forvaltning av statusen som nasjonal turistveg 7
10. Investeringsbehovet for utvikling av attraksjonen Nasjonale turistvegar 8
11. Organiseringa av turistvegarbeidet 8
12. Aktørar og ansvar 10
13. Viktige føresetnader og omsyn 10

Vedlegg:

1. Det historiske, politiske fundamentet for turistvegsatsinga 14
2. Kriterar for vurdering av turistvegpotensialet 16
3. Omsyn som skal sikra turistvegkvalitet 17
4. Nasjonale turistvegar, avstikkarar og produktområde 18
5. Oversikt over særskilte attraksjonar og tilhøyrande kvalitetskrav 19
6. Strekningsbeskrivingar, profilar og tema 20
7. Kvalitetskrav til vegtiltak langs Nasjonale turistvegar 22
8. Drift, vedlikehald, forvaltning og vidareutvikling 23
9. Kvalitetssikring 25

Statens vegvesen er i førarsetet for ei målretta langsiktig statleg satsing på Nasjonale turistvegar, ein turistattraksjon som skal freista vegfarande turistar til å nytta Noreg som sitt feriemål. Oppdraget er gitt av Regjering og Storting, og er sidan prøveprosjektet i åra 1994 - 1997 følgt opp gjennom nasjonale transportplanar og årlege statsbudsjett. Det overordna målet er å bidra til styrka busetjing og næringsliv, ikkje minst i distrikta.

Arbeidet er gjennomført med Vegdirektøren sitt prosjektdirektiv datert 26. april 2004 som fundament. Denne bestillinga er ei oppdatering av direktivet og er retningsgivande for dei mange aktørane som må gjera sitt for å gjennomføra og halda i hevd Nasjonale turistvegar og bruka attraksjonen som verkemiddel til auka verdiskaping.

Dei nasjonale turistvegane er ei merkevare der den vegfarande blir tilbydd ei opplevingsrik og variert reise i det ypparste av norsk natur. Det spesielle ved det norske opplegget er satsinga på rasteplassar og utsiktspunkt der nyskapande arkitektur og kunst saman med høg kvalitet på tilrettelegginga, gir ekstra dimensjonar til naturopplevinga. Kvaliteten på opplevinga av landskapet frå vegen er avgjerande for potensialet som nasjonal turistveg. Alle strekningane skal ha eit informasjonssystem og ein visuell profil som gir dei felles identitet. Strekningane og gjennomførte turistvegtiltak blir profilert og skilta med ein eigen logo (turistvegsymbolet).

Statens vegvesen ønskjer gjennom Nasjonale turistvegar å tilby ei avveksling frå å ferdast på hovudtransportårene. Turistvegane skal vera strekningar der samspelet mellom vegen og det unike landskapet er det som gir den gode opplevinga. For Statens vegvesen er det også eit mål at turistvegsatsinga skal vera til inspirasjon for å utvikla heile vegnettet i meir turistvenleg retning.

Utviklinga av nasjonale turistvegar er ei konkret satsing på nasjonalt nivå der merkevaretenkinga til Innovasjon Norge blir følgt opp på ein aktiv måte. Attraksjonen er nytta aktivt av Utanriksdepartementet og Innovasjon Norge i marknadsføringa av Noreg og bygginga av nasjonen sitt omdømme. Satsinga får stor merksemd både internasjonalt og nasjonalt.

Turistvegsatsinga skal gi ringverknader og stimulera til verdiskaping. Tilrettelagde stoppestader styrker opplevinga, men trafikantane må også kunna få eit godt tilbod av aktivitetar, opplevingar, informasjon og service. Dette føreset målretta innsats frå mange og godt samarbeid basert på aktørane sine naturlege ansvarsområde. For turistvegarbeidet betyr dette eit stort og forpliktande engasjement frå fylkeskommunar, andre etatar på overordna nivå, kommunar, reiselivsorganisasjonar, bedrifter, grendelag og privatpersonar. Dette er eit langsiktig arbeid med turistvegsatsinga i front, der eksempla på samarbeidstiltak og verdiskaping blir stadig fleire.

Med 43 nye tiltak i åra 2019 - 2023 i tillegg til dei 147 som allereie er bygt vil Nasjonale turistvegar stå fram som ein heilskapleg attraksjon i løpet av 2023. Frå då vil strekningane blir drifta, vedlikehaldne, forvalta og vidareutvikla slik at attraksjonen blir halden i hevd som turistattraksjon til glede for vegfarande og nytte for norsk reiseliv.

Terje Moe Gustavsen
Vegdirektør

1. Overordna mål

Statens vegvesen skal utvikla 18 utvalde strekningar til Nasjonale turistvegar. Oppdraget er heimla i St.meld.nr.46 (1999 - 2000) Nasjonal transportplan 2002 – 2011 og deretter følgt opp i transportplanane for periodane 2006 – 2015, 2010 – 2019, 2014 – 2023 og 2018 – 2029 samt dei årlege budsjettproposisjonane for Samferdselsdepartementet. Gjennomføring av turistvegarbeidet som statleg satsing er uendra etter forvaltningsreforma i 2010. Dette blei stadfesta i St.prp.nr.68 (2008 - 09) Kommuneproposisjonen 2010. Det politiske fundamentet går fram av vedlegg 1.

I Nasjonal transportplan 2018 – 2029 føresett at det i løpet av seksårsperioden 2018 – 2023 skal attraksjonen står fram som heilskapleg og fullført. Frå då vil strekningane bli drifta, vedlikehaldne, fornya og vidareutvikla for å halda kvalitetsnivået på den nasjonale attraksjonen i hevd. I den økonomiske ramma for seksårsperioden 2024 – 2029 er det rom for 40 supplerande tiltak til dei 190 som skal stå ferdige i 2023, med vekt på dei strekningane der behovet er størst.

2. Bakgrunn for satsinga

Ei rekkje land har satsa på å utvikla turistvegar som spydspissar i si marknadsføring av landet som reisemål for vegfarande turistar. Turistvegane blir kalla Scenic roads, Scenic Byways, Grüne Strassen og Route de Touristique, for å nemna nokon.

Tidleg på 90-talet blei ein klar over at Noreg med sine unike naturkvalitetar, omfattande vegnett og spreidde busetjing har eit solid grunnlag for å utvikla konkurransedyktige turistvegar for å styrka ei viktig framtidsnæring, ikkje minst i distrikta. I Noreg er reiseliv ei næring som i 2017 sysselsette 163.000 personar og som i 2016 stod for ei verdiskaping på 114 milliardar kroner (nøkkeltall for norsk reiseliv i NHO Reiseliv sine årsrapport 2017).

For å hausta erfaringar og læra om kriterier, prosessar, samarbeid og tiltak som innspel til å forma den norske satsinga, blei det gjennomført synfaringar til USA, Frankrike, Spania, Skottland og Tyskland. Med unntak av USA har dei andre landa tematiske ruter, der kulturformidling er den berande idèen. Spesielt i Frankrike har dei sentrale kulturstyresmaktene vore svært aktive med løyvingar og støtte. I USA legg dei vekt på naturopplevingane langs vegane i kombinasjon med kultur og historie.

I Noreg konkluderte ein med eit konsept der sjølve turen gjennom unik norsk natur er grunnstammen med tilrettelegginga og foredlinga av dei gode stoppa gjennom bruk av nyskapande arkitektur som meirverdi. Ein følgde også det franske rådet om å handtera vegane som ein nasjonal turistattraksjon med ansvaret lagt til ein statleg aktør.

Satsinga på nasjonale turistvegar skal stimulera til at det blir utvikla eit godt reiselivsprodukt totalt sett. For vegturistane forventar seg meir enn utsiktspunkt, biloppstilling, rasteplassar og parkering. I områda rundt turistvegane må det derfor til eit mangfaldig tilbod om overnatting, service, aktivitetar og kulturopplevingar. I eit høgkostland som Noreg er det naturleg at det blir stilt høge krav til kvaliteten på dette tilbodet.

Heilskapen kan og skal ikkje utviklast av vegetaten åleine. Erfaringane så langt viser at reiselivsnæringa lokalt og deira organisasjonar ønskjer turistvegane velkomne i sitt distrikt, men at dette er eit langsiktig arbeid der utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistvegar ligg i front mens sjølve verdiskapinga tek si tid.

3. Nasjonale turistvegar – turistattraksjon med særpreg

Reiseliv er framleis ei av dei raskast veksande næringane i verda. Men den internasjonale konkurransen om turistane er hard. Det spesielle for reiseliv som næring er at kunden sjølv må oppsøka produktet. Etterspørsla etter gode, interessante og berekraftige opplevingar er aukande. Med sin unike natur, spreidde busetjing og omfattande vegnett har landet ein konkurransefordel som det er viktig å utnytta.

Nasjonale turistvegar er ein turistattraksjon som skal auka Noreg sin attraktivitet som reisemål. Attraksjonen sitt fundament er unike reiser gjennom vakker norsk natur på strekningar som skal ha kvart sitt særpreg. Her skal turistane møta nyskapande arkitektur som set spor frå vår tid på tilrettelagte rasteplassar og utsiktspunkt. Opplevinga skal styrkast ytterlegare gjennom kunst med høg internasjonal kvalitet, interessante historier og eit godt informasjonssystem. Det overordna målet er å styrka næringslivet og busetjinga.

Turistane har høge forventningar til at opplevinga av natur- og kulturlandskap skal vera ekte og opphaveleg. Dei forventar også at det er samsvar mellom pris og kvalitet på service, overnatting og servering. Nasjonale turistvegar skal inspirera til eit samla engasjement nasjonalt, regionalt og lokalt for å utvikla eit totalt reiselivsprodukt der den besøkande i tillegg til turistvegattraksjonane, får service, andre opplevingar og aktivitetstilbod med godt innhald og høg kvalitet.

Dei grunnleggjande krava til turistvegstrekningar og viktige omsyn som skal sikra turistvegkvalitet går fram av vedlegg 2 og vedlegg 3.

4. Atten utvalde strekningar

Etter ein omfattande prosess i åra 1999 – 2003 med grundig vurdering av over 50 forslag frå fylke, kommunar og reiselivsaktørar samt nokre utfyllande alternativ, blei det valt ut atten strekningar som Statens vegvesen skulle jobba vidare med. Desse er gjennomgått fleire gonger for å sikra at attraksjonen Nasjonale turistvegar blir truverdig og forståeleg for turistane. Vegdirektøren har derfor vedteke å justera strekningslengder samtidig som to strekningar langs Helgelandskysten er slått saman til ein og Hardanger delt i to med eigen turistveg over vidda.

Dei atten strekningane som er nærmare omtalt i vedlegg 4 er

- **Rondane** og **Valdresflye** (Hedmark og Oppland)
- **Jæren** og **Ryfylke** (Rogaland og Hordland)
- **Hardanger** og **Hardangervidda** (Hordaland og Buskerud)
- **Aurlandsfjellet** og **Gaularfjellet** (Sogn og Fjordane)
- **Sognefjellet** og **Gamle Strynefjellsvegen** (Oppland og Sogn og Fjordane)
- **Geiranger-Trollstigen** og **Atlanterhavsvegen** (Møre og Romsdal)
- **Helgelandskysten**, **Lofoten** og **Andøya** (Nordland)
- **Senja** (Troms)
- **Havøysund** og **Varanger** (Finnmark)

Det er ikkje aktuelt å utvida konseptet før ein har fullført dei atten strekningane til ein konsistent attraksjon og fått erfaringar med desse.

5. Dei 10 store attraksjonane

Tre nasjonale reiselivsikon (Trollstigen, Vøringsfossen og Gjende) og sju andre særskilte attraksjonar er valde ut som ekstraordinære stoppestader langs turistvegane. Desse støttar opp om turistvegane sine særpreg, samtidig som dei er viktige vindauge og faneberarar for turistvegsatsinga og for norsk reiseliv. Utgangspunktet er unike naturopplevingar, gjerne i kombinasjon med interessant kultur og servicetilbod. Dei ti stadene er:

- Steilneset (Finnmark)
- Torghatten (Nordland)
- Trollstigen (Møre og Romsdal)
- Gudbrandsjuvet (Møre og Romsdal)
- Eldhusøya (Møre og Romsdal)
- Vøringsfossen (Hordaland)
- Steinsdalsfossen (Hordaland)
- Låtefoss (Hordaland)
- Allmannajuvet (Rogaland)
- Gjende (Oppland)

Dei særskilte attraksjonane blir utvikla som offentlege stader med stor statleg innsats og finansielle tilskott frå andre aktørar, i første rekkje fylkeskommunar og kommunar. I tråd med erfaringane frå land som New Zealand og Island er det ein føresetnad med offentleg eigarskap, i dette høvet med Statens vegvesen som ansvarleg attraksjonseigar. Tilbod til turistane om mat, opplevingar og informasjon på desse stadene må bli gitt av andre aktørar etter avtale med Statens vegvesen. Desse avtalane blir lyst ut og skal sikra høg kvalitet på det kommersielle tilbodet og drifta.

Dei særskilte attraksjonane med tilhøyrande kvalitetskrav er nærmare omtalt i vedlegg 5.

6. Strekningskarakteristikk

Alle dei nasjonale turistvegane skal ha sin eigen identitet, samtidig som dei er ein del av eit heilskapleg bilete. Fjell, fjord og kyst er sterke basiselement som går att og som derfor må krydrast med ulikt innhald for å framheva eigenarten. Utfordringa er å skapa variasjon slik at strekningane sitt særpreg ikkje flyt over i kvarandre.

For turistvegane går særpreget fram av

- **Strekningsbeskrivinga** som gir den grunnleggjande omtalen av identiteten til strekninga og som skal vera retningsgivande for det konkrete turistvegarbeidet.
- **Profilen** som skal framheva naturopplevinga og vera eit utgangspunkt for profilering og marknadsføring.
- **Temaet** som er ei overskrift som skal leggja vekt på prioriterte aktivitetar og opplevingar utover naturopplevinga (profilen) i eit område sett frå turistane si side.

Strekningskarakteristikken som skal leggjast til grunn for turistvegtiltaka og nyttast til forventa oppfølging og medverknad frå andre aktørar er presentert i vedlegg 5.

7. Produktområde

Nasjonale turistvegar skal vera ein sjølvstendig turistattraksjon samtidig som kvar strekning skal ha sin plass i den totale satsinga i det enkelte reiselivområdet. Det mest interessante området rundt den nasjonale turistvegen må vurderast spesielt og handterast som eit samla pro-

duktområde. Her skal tilbodet om service, opplevingar og attraksjonar vera i tråd med turistane sine forventningar både når det gjeld omfang og kvalitet.

Kjernen i produktet er nasjonale turistvegar med avstikkarar og tilførselsvegar og enkelte regionale attraksjonar. På tilførselsvegane er omsynet til dei visuelle kvalitetane langs vegen og eit godt servicenivå også viktig. Avstikkarane er korte strekningar og fine køyreturar til opplevingar som støtter opp om strekningen sin profil/identitet. Dette er offentlege vegar som normalt ikkje skal vera lengre enn 10 km. Produktområda rundt dei atten strekningane går fram av vedlegg 4.



8. Kvalitetsmerking (turistveglogoen)

Nasjonale turistvegar skal merkast med eigen logo og eigen visuell profil for attraksjonen. Turistvegmerket er eit registrert varemerke i Statens vegvesen sitt eige. Symbolet er også heimla i skiltforskriftene (vedtekne i 2005). Frå 2018 vil varemerket omfatta logoen i kombinasjon med namnet Nasjonale turistvegar/Norwegian Scenic Routes. Statens vegvesen er garantisten for turistvegkvalitet og står som signatur (avsendar) og eigar med vegvesen sin logo.

9. Forvaltning av statusen som nasjonal turistveg

Statusen som Nasjonal turistveg heng nøye saman med kvaliteten på reisa, dvs. vegen med sine omgivnader. Dersom det blir gjennomført tiltak langs ein Nasjonal turistveg med så store landskapsmessige konsekvensar at grunnleggjande opplevingsverdiar går tapt, kan Vegdirektøren vedta at strekningen mister sin status som Nasjonal turistveg. For å unngå slike situasjonar er det utarbeidd rutinar og standardkrav for vegtiltak langs riks- og fylkesvegar med status som Nasjonale turistvegar (vedlegg 7).

Det ligg føre signerte avtalar mellom Vegdirektøren, regionvegsjefane og fylkeskommunane om drift, vedlikehald og forvaltning av dei atten nasjonale turistvegane. Her er det avtalt at utbyggingstiltak i partane sin eigen regi og utbyggingsplanar frå andre som blir behandla av partane i høyringsprosessar, så langt råd skal søke å ta vare på Nasjonal turistveg sine spesielle kvalitetar. Partane pliktar å syte for gjensidig utveksling av informasjon om slike planar. Turistvegfråsegner til planar kan sendast som eigne fråsegner frå Vegdirektoratet eller inngå i vegregionen sine fråsegner etter avtale. Krava gir ikkje grunnlag for motsegn, men skal sikra at strekningar ikkje mistar kvalitet og status som nasjonal turistveg.

10.Investeringsbehovet for utvikling av attraksjonen Nasjonale turistvegar

Det totale investeringsbehovet for å utvikla atten strekningar med ti store attraksjonar til ein nasjonal turistattraksjon går fram av tabellen nedanfor (2018-kroner). Dette er i tråd med dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2018 – 2029. Investeringa omfattar også nødvendige fornyingar av gjennomførte tiltak og forvaltninga av dei store attraksjonane.

	1994 - 2013	2014 - 2017	2018 - 2023	2024 - 2029	**1994 - 2029**
Statens vegvesen	1710	680	980	570	**3940**
Andre	200	100	140	70	**510**
Sum	1910	780	1120	640	**4450**

Midlane frå andre gjeld samarbeidstiltak der kostnadsdelinga er avhengig av situasjonen. For dei særskilte attraksjonane er utgangspunktet eit regionalt og lokalt bidrag på 1/3 av kostnaden for planlegging og gjennomføring. Fordeling av ansvar og økonomi må vera heimla i underskrivne samarbeidsavtalar.

11. Organiseringa av turistvegarbeidet

Utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistvegar blir gjennomført som eit landsdekkande prosjektarbeid i regi av Statens vegvesen med Vegdirektøren som attraksjonseigar. Det daglege ansvaret er lagt til Turistvegseksjonen som frå hausten 2017 er tilknytt Vegavdelinga i Vegdirektoratet. Seksjonsleiaren er porteføljeeigar og prosjekteigar.

Den formelle styringa og oppfølging av arbeidet skjer gjennom budsjettprosessar, resultatavtalar og rapporteringar mellom leiaren for turistvegseksjonen og direktøren for Vegavdelinga, samt mellom direktøren for Vegavdelinga og vegdirektøren. Den overordna oppfølginga av strategiar for utvikling av turistvegsatsinga og prosjektporteføljen skjer i møte med attraksjonseigaren (Vegdirektøren) etter avtale og kvartalsvise kontaktmøte med leiarane for Strategi- og styringsstaben og Vegavdelinga.

Ansvaret for planlegging, gjennomføring og oppfølging av dei atten nasjonale turistvegane er fordelt på prosjektleiarar som fungerer som plan- og prosessleiarar for tiltak både på sine og andre strekningar etter behov. Desse er kontaktpersonar i høve til Statens vegvesen sin organisasjon i regionane, til regionale og lokale styresmakter og til aktørar i dei respektive turistvegområda. Til gjennomførings av dei ulike turistvegtiltaka blir Turistvegseksjonen sitt eige mannskap styrka med eksterne plan- og prosessleiarar og byggeleiarar etter behov.

For å sikra høg arkitektonisk kvalitet har Turistvegseksjonen knytt til seg eit arkitekturråd (vedlegg 9). Grunnstammen i rådet er arkitekt (leiar), biletkunstnar og landskapsarkitekt. Rådet møtest normalt ein gong i månaden. Turistvegseksjonen stiller med sekretariat.

For å sikra at kunst i regi av Nasjonale turistvegar held internasjonal kvalitet har Turistvegseksjonen engasjert ein eigen kunstkurator. Kuratoren har eit eige kunstråd til støtte i arbeidet. Oppfølginga skjer i møte med seksjonsleiinga.

Vegeigarane (Statens vegvesen og fylkeskommunane) har ansvaret for at turistvegstrekningane blir drifta og vedlikehaldne med god kvalitet i tråd med dei strekningsvise avtalane (vedlegg 8). Vedlikehaldet og fornyinga av turistveginstallasjonane skal dekkast av løyvinga til Nasjonale turistvegar og er Turistvegseksjonen sitt ansvar. Årlege synfaringar med dei ansvarlege for driftskontraktane og oppfølging av desse er ei prioritert oppgåve for Turistvegseksjonen sine byggeleiarar.

Turistvegseksjonen har eigne fagfolk innanfor formidling, marknadsføring, reiseliv, film, foto og kart som skal

- Gjera Nasjonale turistvegar og arbeidet kjent eksternt og i Statens vegvesen gjennom foredrag, katalogar, brosjyrar, nyheitsbrev, nasjonaleturistvegar.no, foto og film.
- Følgja opp at Innovasjon Norge, utanrikstenesta og reiselivsaktørane har tilstrekkeleg informasjon om Nasjonale turistvegar og nyttar turistvegane i si omdømmebygging, profilering og marknadsføring.
- Utfordra reiselivsnæringane til å utvikla produkt og tenester for å tilby dei vegfarande turistane mat, overnatting, aktivitetar og opplevingar med god kvalitet.
- Bidra med foto, film, modellar, tekstar og brosjyrar til utstillingar og som verkemiddel for profilering og marknadsføring
- Gjera attraksjonen kjent på sosiale mediar som facebook, Instagram og YouTube.
- Dokumentera verdiskaping stimulert av turistvegsatsinga.
- Utvikla informasjonstavler i eit heilskapleg informasjonssystem for formidling av stadbunden informasjon.

Turistvegseksjonen er lokalisert på Lillehammer saman med Region øst, men har også medarbeidarar i andre vegregionar. I det daglege arbeidet får Turistvegseksjonen nødvendig bistand frå regionane ved anskaffingar og HMS-hendingar samt fagleg bistand elles etter avtale.

Kontraktar blir utforma i samsvar med Statens vegvesen sine malar på ein slik måte at entreprenørar er med og lagar gode, varige og økonomiske løysingar. I konkurransen om prosjekta vil oppgåveforståing og prosjektgjennomføring bli tillagt vekt i tillegg til pris. I dialogen med tilbydarane er forhandling det viktigaste verkemiddelet.

Turistvegtiltaka med sine særeigne bygg og installasjonar blir planlagt og handsama etter Plan- og bygningslova og Norsk standard. Det veg- og trafikkmessige blir planlagt med utgangspunkt i handbok N100 Veg- og gateutforming. Ved utviklinga av turistvegane kan fleksibiliteten i vegnormalane utnyttast som verkemiddel for å få til løysingar med god turistvegkvalitet. For berande konstruksjonar skal prosjekteringa skje med utgangspunkt i vegnormalen N400 Bruprosjektering. Arbeidet med slike konstruksjonar følgjer rutinane i vegvesenet sitt kvalitetssystem med sine prosessar for kontroll og godkjenning av bruer. Alle turistveginstallasjonar er statlege og dermed eit riksvegansvar også langs nasjonal turistveg som er fylkesveg.

Turistvegkonstruksjonar skal vera nyskapande, sikre og praktiske å følgja opp, men kan ha andre løysingar og materialar enn det som er heimla i veg- og brunormalane. Slike fråvik skal vurderast gjennom Statens vegvesen sine rutinar for handsaming av fråvik.

Forvaltninga av berande konstruksjonar skal følgje R411 Bruforvaltning riksveg. Her inngår gjennomføring og oppfølging av bruinspeksjonar. Ansvaret for dette ligg hjå bruforvaltarane, sjå oversikt på www.vegvesen.no. Vedlikehald/reparasjonar av turistvegkonstruksjonane blir finansiert med turistvegmidlar og er Statens vegvesen v/Turistvegseksjonen sitt ansvar i dialog med vegeigar og bruforvaltninga (i tråd med prinsippa i vedlegg 8).

Viktige element skal registrerast i Nasjonal vegdatabank. For alle gjennomførte tiltak skal Turistvegseksjonen sørgja for drifts- og vedlikehaldsinstruksar med tilhøyrande presiseringar av eigaransvar og forvaltningsansvar.. Desse blir følgt opp i vegeigarane sine driftskontraktar.

Nye turistvegkonstruksjonane skal registrerast i Brutus av Bruseksjonen i Vegdirektoratet med staten som eigar. Som grunnlag skal Turistvegseksjonen sørgja for dokumentasjon og teikningar så langt det er mogeleg. Der fullstendig dokumentasjon ikkje kan skaffast, vil dei faglege vurderingane etter den første inspeksjonen vera særleg viktig for den vidare oppfølginga.

12. Aktørar og ansvar

Turistvegarbeidet skal skje med forpliktande engasjement frå **lokale og regionale aktørar**. I 2018 handlar dette om 60-tals kommunar, fylkeskommunen og offentlege etatar i 9 fylke, reiselivsorganisasjonar, bygdelag og private. Frå desse er det forventa innsats i høve til:

- Forpliktande økonomisk engasjement for å sikra oppgradering/gjennomføring av særskilte attraksjonar og større tiltak med stor regional og lokal næringsverdi.
- Aktivitetar og opplevingar som følgjer opp turistvegen sin profil og tema
- Andre natur- og kulturopplevingar
- Visuelle betringar
- Tilfredsstillande tilbod av mat og overnatting med god kvalitet
- Hyggeleg vertskap med god kjennskap til området og Nasjonale turistvegar
- Aktiv bruk av attraksjonen Nasjonal turistveg i informasjon og marknadsføring

For å stimulera til kvalitet på tiltak i regi av andre kan Turistvegseksjonen tilby fagkompetanse, særleg i utgreiings- og forprosjektfasen. Nokre tiltak kan det vera aktuelt å følgja opp med kvalitetssikring i gjennomføringsfasen. Vesentlege satsingar frå andre aktørar som følgje av turistvegsatsinga, kan vera aktuelt å stimulera med tilskot til finansieringa.

Fylkeskommunane og kommunane er sentrale samarbeidspartnarar i arbeidet med utvikling og planlegging av nokre enkeltpunkt, men også i tilrettelegginga for aktivitetar mm. For å sikra involvering, god samhandling og effektiv framdrift, er det viktig å få på plass samarbeidsavtalar (intensjonsavtalar) så tidleg som mogeleg. Desse skal avklara

- aktørbiletet og samarbeidsforholda
- innhaldet i tiltaket
- kva kvalitetskrav som må oppfyllast
- ansvaret for prosess, planarbeid og gjennomføring
- finansiering og eigarskap
- ansvaret for drift og vedlikehald

Erfaringane er at **fylkeskommunen** må komma sterkare inn på bana som regional utviklingsaktør og ta eit hovudansvar for å stimulera til nødvendige produktinvesteringar.

Turistvegtiltaka må enda opp som attraktive stoppesteder. Kortsiktige kompromiss for å oppnå raske resultat er ikkje aktuelt. I slike situasjonar må det til nødvendig modningstid, planreserve av gode tiltak og omprioriteringar i handlingsprogrammet for Nasjonale turistvegar.

13. Viktige føresetnader og omsyn

Statens vegvesen utviklar ein særskilt turistattraksjon som skal vekka internasjonal og nasjonal interesse, skapa reiselyst og styrka næringslivet. Nedanfor er det lista opp punkt som må vektleggjast for at føremålet med satsinga skal bli oppfylt.

Høg kvalitet på konsept og planar

- Dei 18 turistvegstrekningane skal vera unike deler i ei heilskapleg merkevare. For å oppnå dette skal det særeigne framhevast og den enkelte strekninga sine fortrinn prioriterast i tråd med strekningane sine profilar og beskrivingar.
- Planlegginga må gjennomførast i fasar med tilhøyrande godkjenning basert på fagleg tilråding frå arkitekturråd og kunstråd for å kunna gå vidare til neste stadium.
- For å laga ein nasjonal turistattraksjon som er original og har internasjonal appell, er det avgjerande at ein set inn dei fremste fagfolka og tek seg tid til å la heile opplegget og dei enkelte tiltaka modnast før gjennomføring.

- Planane må ta utgangspunkt i stemninga på den enkelte staden. Oppdraget er å utvikla nyskapande løysingar som oppfyller funksjonelle behov og er varige anlegg som gir moderate vedlikehaldskostnader.

Høg kvalitet på utført arbeid

- For å sikra turistvegkvalitet i den konkrete og praktiske gjennomføringa av tiltaka er det nødvendig med kvalitetsbevisst byggeleiing og kompetente entreprenørar.
- Byggeleiinga må sørgja for avstemming av løysingar, kvalitet og økonomi med arkitekten/planleggaren og Turistvegseksjonen etter kvart som endringar skjer i byggeprosessen.

Strekningane må driftast, vedlikehaldast og forvaltast som turistattraksjonar

- Dei strekningsvise avtalane om drift, vedlikehald og forvaltning av nasjonale turistvegar skal følgjast opp med årlege synfaringar. Her blir det avklart kva som må til av tiltak for å halda turistvegane og sideanlegga med sine installasjonar i orden og kven som skal planleggja, gjennomføra og finansiera tiltaka. Turistvegomsyna skal byggjast inn i driftskontraktane og følgjast opp av vegeigaren.
- For vegane sin status som Nasjonale turistvegar er det avgjerande at vegtiltak for auka framkomst og tryggleik samt andre utbyggingsplanar ikkje medfører løysingar og landskapsinngrep som gjer at ein strekning blir ueigna som Nasjonal turistveg. Dette føreset at Turistvegseksjonen får slike planar til vurdering i god tid og at tiltakseigaren tek omsyn til seksjonen sine innspel.

Kjente økonomisk rammer

- For turistvegsatsinga er det viktig med stabile og kjente økonomiske rammevilkår. Dei viktigaste samarbeidspartnarane utgjer ei marginal næring, og mange av dei lokale aktørane har avgrensa inntening. For deira motivasjon og tru på samarbeidet er det viktig at midlar blir tildelt i hovudsak som forventa.
- Eksterne samarbeidspartnarar har stilt til disposisjon investeringsmidlar for å få gjennomført dei særskilte attraksjonane og andre samarbeidstiltak. Det er viktig for omdømme, truverd og nytten av investeringane at staten følgjer opp med sine bidrag.
- Unike løysingar på kvar tomt og attraktive resultatet betyr at det må det setjast inn relativt store planressursar i høve til investeringsvolumet på dei fleste turistvegtiltaka.

Stimulera til utvikling av eit godt totalprodukt

- Lokalt engasjement på strekningane er avgjerande for at vegfarande turistar på rundreise i Noreg blir møtt med godt tilbod om mat, overnatting, aktivitetar og opplevingar. Det er avgjerande at totalproduktet oppfyller høge forventingar om kvalitet i alle ledd.
- Målretta informasjon om dei nasjonale turistvegane skal sørgja for at dei blir godt kjent hjå turistar og reiselivsoperatørar og stimulerer til engasjement for å ta turistvegsatsinga i bruk til lokal næringsutvikling.
- Turistvegseksjonen profilerer Nasjonale turistvegar som attraksjon. Reiselivsnæringane og andre må sørgja for marknadsføring og omdømmebygging av Noreg som moderne nasjon og attraktivt reisemål. Dette føreset aktivt samarbeid og tett kontakt både nasjonalt og lokalt for å sikra felles bodskap i all formidling.
- Mange av dei lokale aktørane i reiselivsbransjen har avgrensa inntening. For deira motivasjon og satsing på å kunna tilby dei vegfarande det gode totaltilbodet, er det viktig at dei planlagde turistvegtiltaka blir gjennomført som forventa.
- Gjennom turistvegsatsinga blir det laga ei rekke næringsbygg. Desse blir stilt til disposisjon for lokal forretningsdrift med krav om god kvalitet på vertskap, mat, suvenirar og reinhald og bistand med tilhøyrande oppfølging for å sikra dette.

- Der det finst aktørar med pågangsmot og vilje til å utvikla eit godt produkt vil innsats frå Turistvegseksjon i form av målretta fagleg rådgiving og økonomisk bistand kunna stimulera til verdiskaping i dei aktuelle områda.

Eigarskap og lojalitet til turistvegsatsinga

- Det er avgjerande at vegeigarane med sitt apparat er lojal til retningslinjer, vedtak og standardar for turistvegsatsinga og for dei nasjonale turistvegane.
- Det er viktig at Turistvegseksjonen og vegeigaren sin ordinære organisasjon held kvar-andre orientert og informert om felles tema og sørgjer for fortløpande avklaringar.

Vedlegg

1. Det historiske, politiske fundamentet for turistvegsatsinga

Satsinga på Nasjonale turistvegar blei initiert i 1993 gjennom Samferdselskomiteen si handsaming av St.meld.nr.34 (1992-1993) Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994 – 1997. Statens vegvesen følgde opp dette og etablerte i 1994 eit prøveprosjekt for å sjå nærmare på kombinasjonen veg og reiseliv. Reiselivsprosjektet blei avslutta i 1997 og fire prøvestrekningar fekk status som Nasjonale turistvegar.

Reiselivsprosjektet blei omtalt i St.meld.nr.37 (1996-1997) Norsk veg- og vegtrafikkplan 1998 – 2007, men sjølve evalueringa blei presentert i statsbudsjettet for 1998. Gjennom behandlinga av St.meld.nr.46 (1999-2000) Nasjonal transportplan 2002-2011 slutta Stortinget seg til at Statens vegvesen skulle utvikla eit opplegg med Nasjonale turistvegar med konkrete tiltak på fire nye strekningar. Gjennom handsaminga av St.meld.nr.24 (2003-2004) Nasjonal transportplan 2006-2015 blei det vedteke at satsinga skulle vidareførast og omfatta atten utvalde strekningar med fullføring innan utgangen av 2015.

I St.meld.nr.16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019 blei det vist til at seks strekningar no hadde fått status som Nasjonale turistvegar og at det som ledd i utviklinga av atten strekningar inngår tre reiselivsikon og sju særskilte attraksjonar. Av regjeringa sin reiselivsstrategi "Verdifulle opplevelser" desember 2007 går det fram at turistvegarbeidet skulle leggjast opp slik at dei atten strekningane kunne marknadsførast som eit samla reiselivsprodukt allereie frå 2012 med mål om fullt utvikla attraksjon innan 2016.

Gjennom handsaminga av St.prp.nr.68 (2008-2009) Kommuneproposisjonen 2010 blei det avklart at turistvegsatsinga er eit statleg ansvar og at midlar til Nasjonale turistvegar skal løyvast over Samferdselsdepartementet sitt budsjett også etter forvaltningsreforma.

St.prp.nr.1 (2010-2011) Samferdselsdepartementet for 2011 stadfesta målet om full marknadsføring av Nasjonale turistvegar frå turistsesongen 2012. Samtidig blei det erkjent at innan 2020 skulle alle dei atten vegane utviklast til eit kvalitetsnivå som kvalifiserer til status som Nasjonale turistvegar. Denne justeringa hadde sin årsak i det statlege engasjementet for å oppgradera dei tre ikonpunkta (Trollstigen, Vøringsfossen og Gjende) samt sju andre store attraksjonar. Dette engasjementet var også bakgrunnen for at det i St.prp.nr.1 (2013-2014) Samferdselsdepartementet for 2014 ble satt som mål at strekningane skal framstå med god turistvegkvalitet innan 2020 og at alle planlagde tiltak skal vera fullført innan 2023.

I St.meld.nr.33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 er det føresett at i løpet av seksårsperioden 2018 – 2023 skal det gjennomførast 46 nye tiltak slik at attraksjonen står fram som heilskapleg og fullført i 2024. Frå då vil strekningane bli drifta, vedlikehaldne, fornya og vidareutvikla for å halda den nasjonale attraksjonen i hevd. I den økonomiske ramma for seksårsperioden 2024 – 2029 er det rom for om lag 50 supplerande tiltak med vekt på dei strekningane der behovet er størst.

Det er ein føresetnad at private aktørar og andre offentlege aktørar skal følgja opp innanfor sine ansvarsområde for å utvikla Nasjonale turistvegar til eit heilskapleg turistprodukt. Dette går blant anna fram av:

St.prp.nr.1 (2008-2009) for budsjettåret 2009:

> *Gjennomføringen av tiltakene (ikonpunktene) forutsetter imidlertid økonomisk medvirkning fra andre berørte statlige sektorer, fylkesinstanser, kommuner og privat næringsliv.*

St.meld.nr.16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010 – 2019:

Det forutsettes økonomisk innsats fra andre statlige organer, fylkeskommuner, kommuner, reiselivet og private aktører for å skape et helhetlig turistprodukt, der det også inngår service, opplevelser og attraksjoner.

St.prp.nr.1 (2009-2010) for budsjettåret 2010:

Turistvegsatsingen forutsetter økonomisk medvirkning fra andre offentlige instanser og privat næringsliv.

St.prp.nr.1 (2012-2013) for budsjettåret 2013

Gjennomføringen av nye store attraksjoner forutsetter bindende tilsagn og regional og lokal andel på minst 1/3 av kostnadene til planlegging og gjennomføring.

Den statlige satsingen på de nasjonale turistvegene er utgangspunktet for å videreutvikle reiselivsprodukter i distriktene. Næringslivet må bidra til at turistvegene utvikles til mer komplette attraksjoner med bl.a. gode overnattings- og mattilbud.

2. Kriterar for vurdering av turistvegpotensialet

Valet av dei 18 strekningane som inngår i turistvegsatsinga blei gjort i perioden 1999 - 2004 etter ein grundig prosess med vurdering av over 60 alternativ. Over 50 av desse var forslag frå fylke, kommunar og reiselivsorganisasjonar. Kriteria som låg til grunn for utveljinga er omtalt nedanfor, og er også grunnlaget for utviklinga og forvaltninga av strekningane. Strekningar kan mista sin status som Nasjonale turistvegar dersom dei ikkje lenger oppfyller desse krava.

1. Vegen skal gå gjennom landskap med unike naturkvalitetar
Dei nasjonale turistvegane skal vera foredla vegstrekningar gjennom landskap med unike naturkvalitetar. Variasjonar og kontrastar vil vera viktige for køyreopplevinga. Mennesket si utnytting av naturen langs vegen vil kunna forsterka (men også svekka) turisten si oppleving.

2. Sjølve køyeturen må vera ei god oppleving
Turisten må få opplevingane undervegs. Stoppa skal vera med å forsterka desse intrykka.

3. Langs vegen bør det vera element som aukar opplevinga
Langs ein nasjonal turistveg vil det ofte vera spesielle attraksjonar og særmerkte naturopplevingar og kulturmiljø som vil vera med å auka den totale reiseopplevinga.

4. Den vegfarande bør få høve til aktive opplevingar
Mange turistar ønskjer å kunna vera aktive i storslått og «urørt» natur. Det vil derfor vera viktig å leggja til rette for aktivitetar i tillegg til sjølve opplevinga undervegs.

5. Servicetilbodet skal ha mangfald og god kvalitet
Næringslivet, kommunane og Statens vegvesen må ta sin del av ansvaret for eit godt og heilskapleg servicetilbod med kvalitet og mangfald. Høgt kvalitetsnivå på service og informasjon er viktig i møte med turistane. Her har ikkje minst bedriftene i området ei viktig rolle. Kvalitet gjeld også dei visuelle forholda.

6. Strekninga skal ikkje ha overordna transportfunksjon
Ein turistvegstrekning skal vera eit alternativ til hovudtransportårene gjennom eller mellom regionar. Køyreturen blir dermed ei avveksling frå å ferdast på hovudvegnettet. Kravet kan fråvikast dersom strekninga er viktig for å oppfylla målet og føremålet med dei nasjonale turistvegane samla sett.

7. Området langs turistvegen bør ikkje vera sårbart for auka ferdsel
Vegstrekningar der det er fare for at vegen sine omgivnader ikkje toler auka ferdsel eller nye tiltak, må handterast spesielt. Dersom problema ikkje kan løysast tilfredsstillande, kan vegen vera uaktuell som nasjonal turistveg. God kontakt med miljøvern- og kulturstyresmaktene i fylka, både på førehand og undervegs i arbeidet, er ein føresetnad.

8. Strekninga med status som Nasjonal turistveg bør ha avgrensa lengde
Turistvegstrekningar må framstå og bli oppfatta som ei heilskapleg oppleving med tydeleg profil. Strekningslengda bør normalt vera mellom 20 og 200 km og ha naturlege innfallsportar, helst i tilknyting til kjente knutepunkt.

Dersom kriterium 1 og 2 ikkje er oppfylt, er ein strekning uaktuell som nasjonal turistveg. Dersom det er attraksjonar eller tema som er det interessante mens vegen sin rolle er å vera bindeleddet mellom desse, kan ikkje strekningen klassifiserast som nasjonal turistveg.

Det er dei unike kvalitetane som må vera utgangspunktet. Det er derfor ikkje ein del av turistvegsatsinga at kvar region, fylke eller kommune skal ha sin nasjonale turistveg.

Strekningar der vegsystem og standard ikkje taklar blanda trafikk på ein trafikksikker måte er heller ikkje aktuelle som nasjonale turistvegar. Trafikktryggleiken er også medverkande til at ein ikkje ønskjer å utvikla gjennomgåande hovudvegar med stor og tung trafikk til nasjonale turistvegar.

3. Omsyn som skal sikra turistvegkvalitet

Dei nasjonale turistvegane skal vera kjenneteikna med den gode opplevinga av turen, naturen og tilrettelegginga langs heile vegstrekninga. Turistane sine opplevingar er også avhengig av kvaliteten på serveringstilbodet, overnattingsstadene, attraksjonane og andre opplevingar. Estetiske tiltak, tilrettelegging, service og informasjon blir då med på å gjera sjølve reisa til ein del av totalopplevinga av eit kvalitetsfylt og heilskapleg reiselivsprodukt.

Ein del omsyn er viktige for å sikra høg kvalitet på den nasjonale turistvegen og i produktområdet rundt turistvegen (jf. kap.6):

- Dei nasjonale turistvegane skal vera utstillingsvindauge for Noreg, med dei høge krava dette stiller til uttrykk og innhald i tiltaka.
- Dei nasjonale turistvegane skal setja spor i vår tid. For å medverka til auka oppleving er det lov til, og også nødvendig, at ein nokre stader er dristig og spenstig når det gjeld kvalitet, ikkje minst i det arkitektoniske uttrykket.
- Dei estetiske utfordringane skal normalt løysast med utgangspunkt i situasjonen og stemninga på den enkelte staden og ved hjelp av kvalifiserte fagfolk. Det er likevel viktig at ein tek i aktiv bruk erfaringane frå andre stader både når det gjeld fagekspertise, løysingar og konkrete element.
- Høg kvalitet betyr ikkje nødvendigvis høgt investeringsnivå. Å vera nøktern kan gi både funksjonelle og spennande løysingar, som er varige og dermed held høg kvalitet over tid.
- Det er viktig å gi dei vegfarande turistane uventa opplevingar med høg kvalitet, og som overstig dei grunnleggjande forventningane som desse har til ein nasjonal turistveg.
- I tilrettelegginga på stoppestadene skal alle viktige funksjonar sjåast i samanheng, både biloppstilling, rast, service, opplevingar og aktivitet.
- Produkta langs og ved vegen må i seg sjølv fungera som eit heilskapleg tilbod. Informasjonssystemet må ikkje vera eit «lim» for å få dette til å hengja saman.
- Det må vera balanse i det informative og pedagogiske tilbodet slik at turisten ikkje druknar i forteljariver.
- Skiltinga langs veg inngår som eit ledd i eit heilskapleg informasjonssystem. Ved utforminga av skiltsystemet må det leggjast stor vekt på måtehald når det gjeld bodskap og høg visuell kvalitet med basis i Vegdirektoratet sine retningslinjer. For den private skiltinga er det viktig at kommunane utarbeider skiltforskrifter.
- Næringslivet langs den nasjonale turistvegstrekninga og i området rundt må stilla med eigeninnsats, og strekka seg mot å gi dei vegfarande ein stadig betre velkomst også når det gjeld det visuelle.
- Dei kommersielle aktørane sitt servicetilbod både når det gjeld overnatting, mat og høve til aktivitet og oppleving elles må vera prega av høg kvalitet og godt vertskap, der ein strekkjer seg mot å nå eit nasjonalt eller internasjonalt nivå.

4. Nasjonale turistvegar, avstikkarar og produktområde

Turistvegsatsinga omfattar atten utvalde strekningar. I 2012 vedtok Vegdirektøren å slå saman dei to strekningane på Helgelandskysten samtidig som Hardanger blei delt i to med vidda som eigen veg. Nokre av strekningane er også utvida i høve til dei opphavelege strekningane i 2004.

Namn	Nasjonal turistveg	Lengde (km)	Produktområde
Rondane	Venabygdsfjellet - Enden – Folldal og Sollia kirke – Enden	75	Venabygdsfjellet/Sollia – Grimsbu/Dalholen
Valdresflye	Garli – Hindsæter med avstikkar til Gjende	49	Beitostølen – Randsverk/Lemonsjøen
Jæren	Ogna – Bore med avstikkar ned mot havet (strender, fyr, museum)	41	Egersund – Sola
Ryfylke	Oanes – Lovraeidet – Håå med avstikkar til Sand og Lovraeidet – Sauda – Hordalia med avstikkar til Ropeid	267	Lysefjorden – Røldal
Hardanger	Granvin – Steinsdalsfossen, gamlevegen gjennom Skjervet, Norheimsund – Tørrvikbygd, Jondal – Utne, Kinsarvik – Låtefoss	165	Hardanger mellom fossane og Hardangervidda
Hardangervidda	Eidfjord – Halne – Haugastøl	67	
Aurlandsfjellet	Aurlandsvangen – Lærdalsøyri	47	Aurland – Lærdal
Sognefjellet	Lom – Gaupne	108	Lom – Sogndal
Gaularfjellet	Balestrand – Eldalsosen - Moskog og Eldalsosen – Sande	114	Balestrand – Førde og Sande
Gamle Strynefjellsvegen	Grotli – Videsæter	27	Grotli – Hjelle
Atlanterhavsvegen	Kårvåg – Bud	36	Bremsnes – Bud
Geiranger – Trollstigen	Langevatn – Sogge bru	104	Strynefjellet – Åndalsnes
Helgelandskysten	Holm – Godøystraumen med avstikkar til Torghatten	434	Bindal – Utskarpen – Løding. Øykommunane.
Lofoten	Å – Raftsundet med avstikkarar til Nusfjord, Vikten, Utakleiv, Unstad, Eggum og Henningsver	230	Gullesfjordbotn – Værøy/Røst
Andøya	Bjørnskinn – Andenes	58	Risøyhamn – Andenes
Senja	Gryllefjord – Botnhamn med avstikkarar til Mefjordver, Bøver og Husøya	102	Yttersida av Senja
Havøysund	Kokelv – Havøysund	67	Smørfjord – Ingøy/Rolvsøy
Varanger	Varangerbotn – Hamningberg	160	Varangerbotn – Hamningberg
Sum		2151	

Avstikkarane er sidevegar med lengde inntil 10 km frå den nasjonale turistvegen til særskilte opplevingar som er sentrale i høve til profil og/eller tema for strekninga. Unntaka er vegane til Husøya på ca. 12 km og til Torghatten på ca. 18 km.

5. Oversikt over særskilte attraksjonar og tilhøyrande kvalitetskrav

Langs Nasjonale turistvegar er tre ikonpunkt og sju andre stader klassifisert som særskilte attraksjonar. Desse er viktige spydspissar for norsk reiseliv og skal oppfylla eigne kvalitetskrav. I 2018 er 6 av desse fullført og den etappevise utbygginga av dei to neste er i gang. Fullføringa av dei attverande attraksjonane etter 2016 føreset nødvendig samfinansiering.

Særskilte attraksjonar	Nasjonal turistveg	Fylke	Fullført år
Gudbrandsjuvet	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2010
Steilneset	Varanger	Finnmark	2011
Trollstigen	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2012
Steinsdalsfossen	Hardanger	Hordaland	2014
Eldhusøya	Atlanterhavsvegen	Møre og Romsdal	2014
Allmannajuvet	Ryfylke	Rogaland	2016
Vøringsfossen	Hardangervidda	Hordaland	2023
Gjende	Valdresflye	Oppland	2023
Torghatten	Helgelandskysten	Nordland	2023
Låtefossen	Hardanger	Hordaland	2025

Kvalitetskrav – oversikt:

- Staden skal handterast som turistattraksjon
- Tilrettelegginga
  - Naturvenleg og med vekt på allemannsretten
  - Turistrelatert servicetilbod
  - Bygg og anlegg med høg kvalitet
  - Universell utforming
  - Høg visuell kvalitet og tryggleik på vegnettet
- Forvaltninga
  - Statleg eigarskap – offentleg finansiering - privat næringsdrift
  - Plan og landskapsrom sikra i planverket

Krav til planlegging, gjennomføring og drift

- Statens vegvesen skal planlegga heilskaplege oppgraderingar for attraksjonspunkta med avgjerande vekt på den grunnleggjande opplevingsverdien.
- Kvaliteten må overgå turistane sine forventningar i alle ledd.
- Kvaliteten skal sikrast gjennom statleg eigarskap, inkl. bygg, installasjonar og areal. Eigarskapet skal forvaltast av Statens vegvesen, Turistvegseksjonen.
- Oppgraderinga skal gjennomførast som ei offentleg infrastrukturstruktursatsing med midlar frå stat (2/3) og fylke/kommune (1/3). Gjennom dette legg ein til rette for privat drift med høg kvalitet på stader der sesongen er kort og innteninga er avgrensa
- Planar, eigarskap og finansiering skal vera avklart og avtalefesta før ein startar.
- Gjennomføringa skal skje slik at naturlege etappar kan takast i bruk etter kvart.
- Turistvegseksjonen har ansvaret for å utarbeida driftsplanar som grunnlag for avtalen med privat drivar Slike avtalar vil normalt gjelda for fem år med eventuell opsjon på inntil fem år til dersom ikkje kvalitetsomsyn utløyser behov for raskare fornying.
- Ansvaret for drift og vedlikehald av attraksjonen som ikkje inngår i avtalen med privat drivar skal følgja ansvarsdelinga i dei strekningsvise avtalane (vedlegg 8).

Overordna rammer

- Noreg skal forvalta særskilte attraksjonar som eit statleg ansvar med eigne midlar til oppgradering, forvaltning og vidareutvikling (jf. erfaringar frå New Zealand og Island)
- Det statlege engasjement på slike stader langs Nasjonale turistvegar skal handterast av Statens vegvesen med nødvendige løyvingar på Samferdselsdepartementet sitt budsjett.

6. Strekningsbeskrivingar, profilar og tema

Strekning	Strekningsbeskriving	Profil *)	Tema **)	Sekundær målgruppe
Rondane	Ein køyretur i nærkontakt med norsk natur i lett tilgjengeleg grenseland mellom høgfjell og gammalt kulturlandskap. Området med sin tydelege geologi langs den første nasjonalparken i Noreg, gir opplevingar og inspirasjon i eit rolegare tempo.	Langs blå fjell	Oppdagingsreise i geologi, kultur og natur	Norske familiar
Valdresflye	Køyretur med vidsyn over fjell og vidde ved inngangen til Jotunheimen gjennom kulturlandskap med stølsdrift og tradisjonsrike turistbedrifter i høgfjellet. Ein naturleg etappe i mange rundturar og eit alternativ for den som skal nordover.	Der vegen svevar	Vandring i fjellet. Nasjonalpark	Fjellturisten
Jæren	Ei reise gjennom særprega kulturlandskap langs Nordsjøen. Avstikkarar ned til rullesteinar og sanddyner gir spennande opplevingar av hav og lys, fyr og kulturminne.	Høg himmel	Fyr	Lokal rekreasjons-trafikk
Ryfylke	Køyretur i grensa mellom øyrike og heiar frå Lysefjorden til Sauda og på fjellovergang til Røldal. Vegen er tilkomst til eit viktig rekreasjonsområde og attraktivt turterreng.	Langs frodige fjordar og nakne fjell	Heivandring	Hytte/weekend
Hardanger	Fleire køyreruter gjennom eit tradisjonsrikt reiselivsområde. Fossar og fonn er mektige kulissar, oppsøkt av turistar i over hundre år. Naturen har gitt grunnlag for båtbygging, frukt og industri.	Fjell, fjord, fossar og fonn	Industrihistorie. Tradisjonar.	Hytte/weekend – Cruise. Gjennomfart. Destinasjonsturistar
Hardangervidda	Ei kontrastfylt reise frå store vidder til møte med det vestlandske fjordlandskapet. Vøringsfossen og Måbødalen er ein barsk overgang frå aust til vest.	Frå høgfjellsplatå til vestlandsnatur	Vidde og vasskraft	
Aurlandsfjellet	Frå fjord til fjord over eit goldt høgfjell der snøen set sitt tydelege preg og med utsikten over Aurlandsfjorden som grand finale. Saman med Lærdalstunnelen ein unik rundtur frå Gamle Lærdalsøyri til Aurlandsvangen	Snøvegen mellom fjordane	Panoramaturar i fjellet	Cruiseutflukter
Sognefjellet	Den nasjonale turistvegen frå kulturlandskapet i Lom over høgaste fjellovergangen i Noreg til inst i Sognefjorden. Innfallsporten til Jotunheimen frå vest har lange ferdselstradisjonar.	Over Noregs tak	Veg og ferdsel. Fottur i høgfjellet.	Fjellturisten
Gaularfjellet	Eit fredfullt alternativ til stamvegane frå Sunnfjord til Sogn. Langs verna vassdrag og stille fjordarm fram til turiststaden Balestrand, er dette ein strekning som kan inngå i mange rundturar.	Frå Sognefjorden til Fosseheimen	Verna vassdrag. Fossesti.	
Gamle Strynefjellsvegen	Den gamle bilvegen mellom aust og vest er ei museumsoppleving i seg sjølv. Dette er eit historisk alternativ til den nye stamvegen over Strynefjellet.	Langs steinmurar og stabbesteinar	Veg og ferdsel	

*) **Profilen** skal framheva naturopplevinga og vera eit utgangspunkt for marknadsføringa.
) **Temaet er ei overskrift som skal dekka prioriterte aktivitetar/opplevingar utover naturopplevinga (profilen) i eit område sett frå turistvegvinkel.

Strekning	Strekningsbeskriving	Profil *)	Tema **)	Sekundær målgruppe
Geiranger - Trollstigen	Ei køyreoppleving langs ein tradisjonsrik turistveg i dramatisk vestlandsnatur med høge fjell og djupe fjordar, som lokkar både bil- og båtturistar. Fjord og veg er utnytta av ei aktiv næring i generasjonar.	I slyng langs stupbratte fjell	Naturopplevinga. Veghistorie	Cruiseutflukter
Atlanterhavsvegen	Den velkjente opplevinga er "vegen i havet" med bruer som buktar seg mellom holmar og skjær. Vegen går gjennom eit kystkulturlandskap langs den barske Hustadvika, der havet har utfordra ferdsla i alle tider.	Vegen i havet	Havet	Lokal rekreasjons-trafikk Destinasjonstrafikk
Helgelandskysten	Ei kontrastfylt køyreoppleving i nærkontakt med kyst, bre og vakkert kultur-landskap med mykje historie. Alternativ omveg til E6 med storslått utsikt over hav og øyrike. Saltstraumen, Svartisen, Torghatten og øyane gir gode opplevingar.	Frå tindar og brefall til øyrike og frodig kyst.	Historie, øyene og breen.	Lokal rekreasjons-trafikk
Lofoten	Køyretur gjennom eit veletablert reisemål med storslått natur og levande kystkultur. Midnattsola på yttersida og fiskevær på innsida gir opplevingar med stor spennvidde.	Langs tindeveggen i storhavet	Midnattssol og fiskevær	Destinasjonstrafikk Cruise
Andøya	Eit ytre alternativ til E6 og hurtigruta saman med Senja. På køyreturen gjennom eit landskap utan ly mot Norskehavet, blir fiskeværet Bleik eit sterkt bilete på møte mellom mennesket og naturen.	Der havet går på land	Mennesket og havet. Golfstraum og kval.	
Senja	Eit ytre alternativ til E6 og hurtigruta saman med Andøya. Bilturen er ei reise gjennom eit skiftande naturlandskap med fjordar, fjell og levande bygder i ly for storhavet. Her gir nærkontakten med havet den store opplevinga.	Hav, fjord og fjell	Havopplevingar	Lokal rekreasjons-trafikk
Havøysund	Ein køyretur gjennom eit landskap der naturen har overtaket. Eit supplement til Nordkapp, med endepunktet Havøysund og øyane utanfor som eit overraskande møte med eit livskraftig samfunn på Finnmarkskysten.	Mot det ytterste nord	Høgfjellsnatur i havnivå. Verdens nord-legaste fyr.	
Varanger	Køyretur i vekslande lys mellom hav og himmel på veg mot storhavet og eit unikt klippelandskap. Ein anar kulturen og historia - smeltedigelen av folkeslag og eit dramatisk liv.	Vegen til ishavet	Kulturhistorie. Fugl	

*) **Profilen** skal framheva naturopplevinga og vera eit utgangspunkt for marknadsføringa.
) **Temaet er ei overskrift som skal dekka prioriterte aktivitetar/opplevingar utover naturopplevinga (profilen) i eit område sett frå turistvegvinkel.

7. Kvalitetskrav til vegtiltak langs Nasjonale turistvegar

På Nasjonale turistvegar skal turistar og vegfarande få dei gode opplevingane av unik norsk natur mens dei er undervegs, enten strekningane er riks- eller fylkesvegar. Her er samspelet mellom vegen og omgivnadene avgjerande. Mange av strekningane går i sårbare landskap. Der det er dokumenterte behov for auka vegstandard vil følgjande omsyn i valet av løysingar og utforminga av tiltak bidra til å unngå at ein strekning blir ueigna som Nasjonal turistveg:

- For nasjonale turistvegar skal planlegging av tiltak skje med utgangspunkt i handbok N100 Veg- og gateutforming. Ved utviklinga av turistvegane skal fleksibiliteten i vegnormalane utnyttast.
- På fylkesvegar og som trinnvis utvikling av riksvegar er det aktuelt å utbetra nokre standardkomponentar mens andre ikkje skal endrast. Som eksempel kan det vera aktuelt med drenering, forsterkning, siktrydding og nytt dekke utan å endra breidde linjeføring og stigning (side 50 i N100). Ein slik strategi vil ofte kunna kombinerast med turistvegkvalitetane.
- På fylkesveg og som trinnvis utvikling av riksvegar er det aktuelt med punkttiltak (skred, ulykkespunkt, flaskehalsar). Ein slik strategi vil ofte kunna kombinerast med turistvegkvalitetane.
- På riksvegar og viktige fylkesvegar vil det ofte vera aktuelt å arbeida seg mot ein gjennomgåande god standard. N100 opnar for at 9 m riksvei kan reduserast til 7,5 m i kostbart/sårbart terreng. N100 opnar for at 7,5 m fylkesveg kan reduserast til 6,5 m i kostbart/sårbart terreng, eventuelt einfelts veg 4 m dersom ÅDT er under 500 kjt/d.
- Ved utforming av grøftene må ein ta omsyn til vatn, nedfall, vinterdrift og fare ved utforkøyring. Utforminga av grøftene må løysast i kvart enkelt prosjekt, men med stor merksemd på konfliktpotensialet i høve til landskapsinngrepet.
- Som ved all utbygging av vegnettet skal tilhøva for fotgjengarar og syklistar vera vurdert, slik det er presisert i forskrift etter veglovens § 13.

Myndigheitsfordelinga i vegsektoren er gitt i vegloven. Statens vegvesen gir ikkje direktiv til fylkeskommunen om vegstandard. Det er likevel viktig å presisera at dersom viktige kvalitetar ved vegstrekninga går tapt på grunn av endringar, vil det måtte vurderast å ta vekk turistvegstatusen. For å unngå ein slik situasjon er det viktig at Vegdirektoratet med sitt turistvegapparat blir orientert om tiltak langs Nasjonale turistvegar på tidspunkt som gjer det mogeleg å drøfta og påverka linjeval, standard og utforming.

Turistvegsatsinga føreset forpliktande engasjement nasjonalt, regionalt og lokalt. Turistvegkvaliteten må komma til uttrykk gjennom haldningar og krav i planar på stats-, fylkes- og kommunenivå og i oppfølginga av slike planar. Kostnader for å sikra at tiltak får den nødvendig kvaliteten høyrer tiltaket til. Dette gjeld både planlegging og gjennomføring. Å sikra slik kvalitet kan gi både reduserte og auka kostnader.

Omgrepet «kostbart og sårbart» er ikkje eintydig definert. Dette bør avklarast i rutevise planar. På riksvegnettet gjeld dette Ryfylke, Hardanger, Lofoten og Varanger.

8. Drift, vedlikehald, forvaltning og vidareutvikling

Nasjonale turistvegar sin langsiktige verdi som nasjonal og internasjonal turistattraksjon føreset høg kvalitet på alle element:

- landskapsopplevinga frå bilvindauget
- rasteplassane og utsiktspunkta med nyskapande arkitektur og kunst
- dei små stoppa på enklare lommer
- informasjonssystemet
- drifta og vedlikehaldet

Det må også til god forvaltning av vegnettet og turistvegattraksjonen i kombinasjon med vidareutvikling av attraksjonen og servicetilbodet.

Nasjonale turistvegar er eit statleg ansvar med staten som eigar av dei ti særskilte attraksjonane og med disposisjonsrett på alle tomter med tiltak som inngår i attraksjonen Nasjonale turistvegar. Dette skal forvaltast av Turistvegseksjonen i Vegdirektoratet. Sjølve vegen er vegeigaren sitt ansvar.

Vegdirektoratet med sitt turistvegapparat skal sørgja for

- Nødvendig fornying/oppgradering av gjennomførte turistvegtiltak. I dette inngår reparasjonar/vedlikehald av turistveginstallasjonane med tilhøyrande stiar. Som installasjonar blir også rekna rastebord, søppeldunkar og informasjonstavler.
- Næringsdrift på alle turistvegtiltak der det er bygt bygningar for dette føremålet, med reiselivsikona og særskilte attraksjonar som dei største.
- Kontinuerleg fornying av turistveginformasjonssystemet og handteringa av andre aktørar sine system og tavler i høve til dette.
- Jamt påfyll av nye turistvegtiltak for å stimulera andre aktørar til vidare innsats med høg kvalitet i det totale tilbodet rundt turistvegstrekningane.
- Nasjonal forvaltning med tilhøyrande godkjenningsmandat i vurderinga av ulike planar og fysiske tiltak for å sikra strekningane sin opplevingskvalitet
- Heilstøypt forvaltning og utvikling av Nasjonale turistvegar som merkevare.
- Utvikling av retningslinjer og oppfølging av desse for å sikra høg nasjonal kvalitet på drift og vedlikehald av gjennomførte turistvegtiltak.
- Drifts- og vedlikehaldsinstruksar for alle utførte turistvegtiltak med tilhøyrande presiseringar av eigaransvar og forvaltningsansvar.

Vegeigaren skal sørgja for

- Prioritering og gjennomføring av den ordinære drifta og vedlikehaldet av turistvegstrekningane med alle sideanlegga slik at krava i R610 blir oppfylt. Dei viktigaste driftsoppgåvene for inntrykket av turistvegkvalitet er reinhald og søppeltømming, klipp og stell av grøntareal, ugraskontroll, kantslått, siktrydding og skjøtsel av utsiktssoner, samt at alle tekniske installasjonar fungerer.
- Fornying/oppgradering/reparasjonar av køyreareal, kantavgrensingar og andre overgangar mot grøntareal.
- Fornying av den ordinære vegskiltinga langs turistvegane og på tilgrensande strekningar for å sikra heilskapleg kvalitet på det totale skiltsystemet.
- At ulike vegtiltak blir planlagt og gjennomført i tråd med kvalitetskrava til Nasjonale turistvegar (jf. vedlegg 7 i dette dokumentet) slik at opplevinga av strekninga ikkje blir svekka.

Det blei i 2014 inngått strekningsvise avtalar mellom Vegdirektoratet, Statens vegvesen sitt operative apparat og fylkeskommunane for å sikra dette. Erfaringane viser stor variasjon i oppfølginga av strekningsavtalane uavhengig av forvaltningsnivået til vegeigarskapet.

For Nasjonale turistvegar som turistattraksjon er det avgjerande at strekningsavtalane blir haldne høgt, følgt opp som føresett og fornya ved endringar i forvaltninga av vegområdet.

Ansvarsmatrise – drift og vedlikehald av Nasjonale turistvegar

Type stoppunkt	Grunneigar	Forvaltning- og disposisjonsrett	Vedlikehald/ reparasjon/ oppgradering/ fornying	Drift	Avtaler med leige-takarar
Nasjonale attraksjonar (10 stader)	**NT**	**NT**	**NT:** Turistvegbygg og -installasjonar **VEGEIGAR:** Dekke, grønt og kantar	**VEGEIGAR** (det som ikkje inngår i kontrakt med leigetakar eller dekka av andre avtalar)	**NT**
Turistvegpunkt	**VEGEIGAR**	**NT**	**NT:** Turistvegbygg og - installasjonar **VEGEIGAR:** Dekke, grønt og kantar	**VEGEIGAR**	**NT**
Småstopp og parkering m NT-utstyr (info/søppel/møblar)	**VEGEIGAR**	**NT**	**NT:** Turistvegutstyr **VEGEIGAR** Vanleg vedlikehald	**VEGEIGAR**	-
Øvrige småstopp og parkering	**VEGEIGAR**	**VEGEIGAR**	**VEGEIGAR**	**VEGEIGAR**	-
Næringspunkt	PRIVAT	PRIVAT	PRIVAT	PRIVAT	-
Vegkropp med vegfundament og øvrige vegelement	**VEGEIGAR**	**VEGEIGAR**	**VEGEIGAR**	**VEGEIGAR**	-
Skilt og skiltfornying	-	**VEGEIGAR**	**VEGEIGAR** *	**VEGEIGAR**	-
Oppretthalda utsiktssoner	-	-	**VEGEIGAR**	**VEGEIGAR**	-
NT-info	-	**NT**	**NT**	-	-

* **NT** har laga planar for fornying av vegskiltinga på alle dei atten turistvegane og har ansvaret for førstegongs oppsetting av turistvegskiltinga og oppdateringar som følgja av endringar av strekningslengdene. Dei heilskaplege planane er overlevert til vegeigarane som grunnlag for oppdatering og fornying av skiltinga elles.

9. Kvalitetssikring

Arkitekturrådsordninga

Arkitekturrådet for nasjonale turistvegar er Turistvegseksjonens sitt fagråd på når det gjeld arkitektur og design. Rådet sine tilrådingar er eit viktig fagleg fundamentet for godkjenning av turistvegtiltaka. Ordninga er i samsvar med erfaringane frå utbygginga av hovudflyplassen på Gardermoen, Forsvarsbygg og OL-94, der arkitekturråda sitt arbeid har vore viktig i kvalitetssikringa. Rådet skal

- Sikra høg kvalitet på det visuelle uttrykket på turistvegtiltak og tiltak der turistvegseksjonen gir planbistand. Her inngår arkitektur, design, landskaps- og tomtetilpassing og funksjonelle og gode trafikkløysingar. Det skal leggjast vekt på god funksjon, konstruksjon og materialar som gir robuste og varige løysingar.
- Medverka til gode løysingar som tek omsyn til økonomiske realitetar.
- Delta i utviklinga av planprogram, konkurranseform for planarbeidet og vurderingar av kompetanse (valet av planleggjarar) som kan bidra til å laga "spor i vår tid".
- Gi andre faglege vurderingar og fagleg oppfølging/rådgiving etter avtale.

Arkitekturråda har tre medlemmer – arkitekt, biletkunstnar og landskapsarkitekt – med arkitekten som leiar. Turistvegseksjonen stiller med sekretariat. Denne basisbemanninga kan styrkast med andre fagfolk avhengig av problemstillinga i dei sakene som skal behandlast.

Kontrahering av spesialister

Ut frå målet om å skapa ein attraksjon med arkitektur og kunst som held internasjonalt nivå, er det behov for høgt spesialisert kompetanse til både planlegging, kvalitetssikring og gjennomføring. Denne utfordringa må møtast ved å setja inn dei fremste fagfolka i landet, både frå Statens vegvesen og eksterne fagmiljø. Det karakteristiske ved turistvegarbeidet er at:

- krava til kvalitet er svært høge frå dei strategiske betraktningane i leiinga via krevjande prosesser og samansette planoppgåver til den avgjerande gjennomføringsfasen
- det skal gjennomførast ei kontinuerleg utviklingsoppgåve (produktutvikling) med tilhøyrande behov for å tenkja nytt heile tida
- oppgåva er samansett og kompleks og vanskeleg å spesifisere i detalj

Med vekt på utviklingsbehovet, kompleksiteten, breidda i arbeidet og effektiv ressurs- og kostnadsforvaltning, skaffar turistvegseksjonen seg denne typen ekspertise på grunnlag av:

- tilrådingar frå kontaktar med inngåande kjennskap til Nasjonale turistveger og med spisskompetanse i forhold til aktuelle fagområde
- direkte kontakt med anbefalte fagfolk for å sjekka ut forståinga, interessa og evnene til å bidra i tråd med satsinga sine føresetnader
- avtalar etter forhandling og kontrahering på basis av tilbod som må vera nøkterne
- fornying av avtaler på årleg basis og på bakgrunn av erfaringane med den enkelte rådgivaren

Denne framgangsmåten er avklart med Turistvegseksjonen sitt notat av 25.februar 2008, SVEIS sak: 2008043166-001 om kontrahering av rådgivarar til arbeidet med utvikling av Nasjonale turistveger. Notatet gjeld høgt spesialiserte rådgivarar og omtalar behovet for slike rådgivarar, samt korleis dei blir kontrahert.